

1	<u>FORORD</u>	2
2	<u>NASJONALE MÅL</u>	3
3	<u>OPPGÅVER FYLKESMANNEN OG FYLKESKOMMUNEN HAR INNAN JORDVERN</u>	5
4	<u>REGIONALE FØRINGAR</u>	6
4.1	FYLKESPLAN	6
4.2	REGIONALT HANDLINGSPROGRAM FOR 2007	6
4.3	LIVSKRAFTIG LANDBRUK I OPPLAND	6
4.4	REGIONALT MILJØPROGRAM FOR LANDBRUKET	6
4.5	STRATEGIAR FOR LANDBRUKSRELATERT NÆRINGSUTVIKLING I OPPLAND 2007-2009	6
5	<u>STATUS I OPPLAND</u>	7
5.1	LANDBRUKET I OPPLAND	7
5.2	KULTURLANDSKAPET I OPPLAND	7
6	<u>UTFORDRINGAR INNAN AREALFORVALTNING OG JORDVERN I OPPLAND</u>	8
7	<u>MÅL FOR AREALFORVALTNING OG JORDVERN I OPPLAND</u>	9
8	<u>HOVUDSTRATEGIAR FOR Å NÅ MÅLA</u>	10
8.1	REGIONALE MYNDIGHEITER SITT ANSVAR	10
8.2	FØRVENTNINGAR TIL KOMMUNANE	10
8.3	BRUK AV MOTSEGN	11

1 Forord

Fylkeslandbruksstyret er i forskrift av 20. september 1993 gjeve eit særleg ansvar for å sikre arealressursane i landbruket og kan gje råd om utforming av landbrukspolitikken med grunnlag i retningslinene frå overordna myndigheit. Fylkesmannen kan etter fullmakt fatte avgjerd på vegne av fylkeslandbruksstyret.

Frå 1. januar 2004 vart det gjennomført ei omfattande delegering av myndigheit til kommunen innafor landbrukslovgjevinga for å styrkje lokaldemokratiet på området. Kommunane skal kunne sjå heile verksemda si i samanheng, slik at planar og enkeltsaker etter særlovene lettare skal kunne samordnast.

Formålet med strategiplanen er å synleggjera dei strategiane fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og fylkeskommunen legg til grunn innafor virkeområda til særlovane i landbruket og plan- og bygningslova. Strategiane skal vera retningsgjevande for arbeidet til fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og fylkeskommunen, og til hjelp i arealforvaltninga i kommunane for å nå målet om ei halvering av omdisponering av dei mest verdfulle jordressursane innan 2010. For at Oppland skal kunne nå sin målsetjing innan 2010 må både regionalt og kommunalt nivå legge større vekt på jordvern ved arealplanarbeid.

Det må vidare vera eit mål at regionale myndigheiter legg opp til ei samordning av strategiar som har tema som vedkjem jordvern, for å byggje opp under dei nasjonale måla innan jordvern.

Dokumentet "Jordvernstrategi for Oppland" er laga i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen. Dokumentet har vore på høyring til alle kommunane og ulike interessegrupper i Oppland, og det er tatt omsyn til fleire av innspela frå høyringsrunden i dokumentet.

I møte 21. juni 2007 vedtok Fylkestinget i Oppland "Jordvernstrategi for Oppland", og samtidig vedtok dei at strategien skal rullerast kvar valperiode.

Fylkeslandbruksstyret i Oppland handsama "Jordvernstrategi for Oppland" i møte 26. juni 2007 og vedtok strategidokumentet der.

2 Nasjonale mål

Landbruket i Noreg har fleire funksjonar: Det skal produsere trygg mat og sikre matforsyninga, og samstundes vera med og oppretthalde kulturlandskapet og sikre sysselsetjing og busetjing over heile landet. Landbruket er også viktig for andre næringar som blant anna reiseliv, kultur og næringsmiddelindustri.

Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på norsk matjord som er ein avgrensa ressurs for etterkommarane våre. Målet er å halde oppe eit levande landbruk over heile landet. Eit av delmåla for mat- og landbrukspolitikken er å ha ei bærekraftig ressursforvaltning med eit sterkt jordvern, å ta i vare og halde kulturlandskapet vedlike og sikre det biologiske mangfaldet (St.prp.nr. 1 (2006-2007)).

I St.prp.nr. 1 (2004-2005) vart det sett mål om halvering av årleg omdisponering av dei mest verdfulle jordressursane innan 2010. Innan same fristen skal det vera lagd ein forvaltningsplan for spesielt verdfulle kulturlandskap. Desse måla er nemnde på nytt i dei seinare St.prp.nr. 1 frå Landbruks- og matdepartementet. Kulturlandskap er viktig for identitet og tilknytning, for busetjing og trivsel, og som grunnlag for reiseliv, lokal utvikling og for biologisk mangfald. Det er knytt store utfordringar til attgroing, oppsplitting og nedbygging av verdfulle kulturlandskap i store delar av landet.

Kommunen har innafor dei nasjonale rammene for jordvern og bruksstruktur ei viktig rolle i gjennomføring og lokal tilpassing av eigedoms- og busetjingspolitikken. Lovverket, retningslinene for praksis og praktiseringa må leggje til rette for ei ønskt utvikling. Virkemidla må kunne brukast aktivt og på ulikt vis ut frå ulike behov i distrikta og i pressområda nær byar og tettstadar. Det er derfor nødvendig å kaste ljøs over utfordringane for jordvernet (St.prp.nr. 1 (2006-2007)).

Tidlegare har jordvernet vore omtala i ulike stortingsmeldingar.

I St.meld. 29 (1996-97) *Regional planlegging og arealpolitikk* blir det lagt vekt på at jordvernet skal ha større vekt i utforming av regionale planar. Ved praktiseringa av jordvernet vil kvaliteten og produksjonspotensialet ved dyrka og dyrkbar mark være eit viktig grunnlag i vektinga når det gjeld bruk av areal.

I St.meld. 19 (1999-00) *om norsk landbruk og matproduksjon*, blir det og fokusert på at jordvernet er under aukande press. Det blir streka under at nasjonal matproduksjon må vera eit hovudelement i ein langsiktig forsyningspolitikk, også for å sikre mattilgangen i landet. Økonomisk utvikling og auka kjøpekraft, også i fattige land, vil auke etterspørselen etter mat i verdsmarknaden. På stutt sikt kan dette bli kompensert med større avlingar, men det kan bli ein situasjon med knapt om mat på berre få tiår. Da vil ein nasjonal produksjon av matvarer vera svært viktig.

Det er ei stor utfordring å hindre at dei mest produktive landbruksareala blir bygt ned. Tre prosent av arealet i landet er dyrka og berre 1 prosent er eigna til produksjon av matkorn. Etter siste verdskrigen er det på landsbasis bygd ned omkring 900.000 dekar. Årleg blir minst 20.000 dekar dyrka og dyrkbar mark brukt til andre formål. Avgangen er vesentleg større enn det ein tidligare har rekna med, og nye registrerte tal er truleg lågare enn det som faktisk blir omdisponert. Det meste av avgangen er høgproduktive areal som i stor grad ligg nær byar og tettstader. For å sikre den totale matproduksjonen i landet er derfor eit strengt jordvern viktig. I tillegg kjem målsettinga om ein høg norsk produksjon og varestrøm for å halde oppe infrastruktur og kompetanse både i primærproduksjon og i næringsmiddelindustri. Bruk av areala til andre formål enn landbruk må med andre ord utnyttast på ein betre måte, blant anna ved fortetting, arealøkonomisering og styring av tettstadsutviklinga mot mindre produktive områder.

I St.meld.nr. 21 (2004-2005) om *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* blir det lagt opp til ein forsterka og samla strategi for å ta vare på viktige kulturlandskap og verne om dyrka og dyrkbar mark.

I St.meld.nr 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet - Om distrikts- og regionalpolitikken*, legg Regjeringa vekt på at miljøkvalitetar i landskapet skal sikrast og utviklast gjennom auka kunnskap, og bevisst planlegging og arealpolitikk. Område som gror att med skog må skjøttast, både med tanke på næringsbruk og rekreasjonsverdi. Endringsprosessane i landskapet vil bety mye for næringsutvikling og busetjing i framtida.

Den europeiske landskapskonvensjonen tok til å virke frå 2004. Konvensjonen skal fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette. Konvensjonen omfattar alt landskap, også by- og tettstadslandskap. Miljøverndepartementet samarbeider med Landbruks- og matdepartementet om eigne program som skal følgje utviklinga i kulturlandskapet i jordbruket innafor arealstruktur, biologisk mangfald, kulturminne og det at kulturlandskapet skal vera tilgjengeleg.

I Rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportplanlegging (RPR-ATP (T-5/93)) blir det poengtert at omsynet til effektiv transport må vegast i forhold til vern av jordbruks- og naturområde. Vedtak om utbyggingsmønster av transportsystem må baserast på breie vurderingar av konsekvensar, med særleg vekt på samfunnsøkonomiske kostnader, verknader for langsiktige mål i landbruket og av omsynet til å ta vare på natur- og kulturmiljøet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør formast slik at ein unngår omdisponering av store, samanhengande areal med dyrka eller dyrkbar mark av høg kvalitet.

I St.meld.nr. 26 (2006-2007) om *Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* står det mellom anna: ” Det er framleis nødvendig med stor merksemd både nasjonalt og lokalt dersom vi skal nå målet om å halvere avgangen av de mest verdifulle landbruksressursane innan 2010. Omsynet til jordvern må stå sentralt både i kommunal planlegging og i forbindelse med større prosjekter innan samferdsel. Regional landbruksmyndigheit har ei viktig rolle i å veilede kommunane, og sikre eit godt grunnlag for avgjersler. For å styrke jordvernet har Statens landbruksforvaltning frå og med 2006 fått myndigheit til å fremme motsegn mot planer etter plan- og bygningsloven”.

3 Oppgåver Fylkesmannen og fylkeskommunen har innan jordvern

I embetsoppdraget blir Fylkesmannen blant anna bedd om å gjera synlege dei nasjonale måla innan jordvern og kulturlandskap overfor regionale og lokale aktørar. Dette omfattar også ansvar for å sjå til at langsiktige omsyn innan jordvern og kulturlandskap blir tatt i vare i kommuneplanar og samfunnsplanlegging elles. Fylkesmannen skal hjelpe til med at kommunane forvaltar dei juridiske virkemidla innan eigedoms- og busettingspolitikken på ein aktiv og langsiktig måte i tråd med nasjonale mål.

I tildelingsbrevet er Fylkesmannen gjeve eit særleg ansvar for at nasjonal politikk blir formidla og tatt vare på i behandlinga av kommunale og regionale planar. Fylkesmannen skal gje kommunar og fylkeskommunar eit samorda og samla bilde av dei forventningar og krav til planlegginga som staten har, og samstundes formidle statleg sektorpolitikk på viktige område. Regjeringa ønskjer elles at Fylkesmannen arbeider for å forsterke måloppnåinga og for å synleggjera det handlingsrommet som kommunen har på plan- og miljøområdet, gjennom kompetanseoppbygging overfor prioriterte kommunar. I forhold til innbyggjarane og næringslivet skal fylkesmannen som klageinstans sikre at kommunale planvedtak prosessuelt og i innhald er i samsvar med plan- og bygningsloven og nasjonale interesser.

Fylkesmannen skal arbeide for at vern av viktige landskapsområde blir sett på den politiske dagsorden i kommunane. Fylkesmannen skal støtte og gje råd til kommunane i arbeidet med å registrere og prioritere viktige områder for jordbruk og kulturlandskap.

Fylkesmannen skal arbeide for at måla i satsinga til Regjeringa på kulturlandskapet blir nådd. Satsinga skal hindre attgroing ved både økt og meir målretta beiting, samt skjøtselstiltak tilpassa dei ulike miljøverdiane.

I fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør er utvikling av eit livskraftig samfunn eit overordna mål. Fylkesplan og regionalt handlingsprogram er sentrale styringsdokument, med partnerskap og samarbeid som viktige reiskap for å nå gode resultat.

Fylkeskommunen har ei plikt etter plan- og bygningslova § 12-2 om å ha ein fagkunnig planleggings- og utbyggingsadministrasjon for utarbeiding og handsaming av planar og planfagleg vegleiing. Ivaretaking av regionale interesser i kommunale planar er ei viktig oppgåve. Bakgrunnen for dei regionale interessene er nasjonale føringar for arealplanlegginga. Nokre av desse er utdjupa i Retningsliner for areal- og ressursbruk i Fylkesplanen. Jordvern er eit viktig omsyn i ei heilskapleg og langsiktig arealforvaltning.

Fylkeskommunen er også sett til å ta vare på nasjonalt og regionalt verneverdig kulturminne og kulturmiljø i fylket. Det er eit nasjonalt mål å redusere tapet av kulturminne. Kulturminnevernet legg særleg vekt på å ta vare på større, samanhengande kulturmiljø. Eit styrka jordvern vil og styrke vernet av kulturminne i dyrka mark og andre produktive areal, ved å hindre at dei blir nedbygde og fjerna.

4 Regionale føringar

4.1 Fylkesplan

Fylkesplan 2005-2008, Mulighetenes Oppland, er ein strategisk, overordna plan for heile fylket, som synleggjer prioriterte utviklingsmål og vegval. Målet er å utvikle potensialet til Oppland gjennom regional og lokal arealpolitikk innafor nasjonale rammes. Eit av fire satsingsområde i Oppland er stadutvikling og arealforvaltning. Hovudmålet innan stadutvikling og arealforvaltning er å oppnå bærekraftig arealutvikling tilpassa moglegheiter og utfordringar i Oppland. Ein viser og til Retningslinjer for stedsforming som ligg som vedlegg til fylkesplanen.

4.2 Regionalt handlingsprogram for 2007

Utfordringane som er knytt til arealforvaltninga er forskjellige i dei ulike delane av fylket. Utvikling av attraktive byar og tettstader er viktige satsingsfelt i regionalt utviklingsprogram. Utvikling av gode bu- og nærmiljø er eit anna viktig tema. Høgare arealutnytting og fortettingsprosjekt krev bevisstheit om gjennomtenkt grønstruktur for opphald og aktivitet. Trafikksikkerheit og gode samferdselsløysningar er avgjerande. I handlingsprogrammet er det eit politisk resultatmål å sikre jordvern og unngå omdisponering av dyrka mark.

Ved utbygging av hytteområde er det viktig å styre utviklinga til områder som det allereie er gjort inngrep i, slik at ein i størst mogleg grad unngår fysiske inngrep i viktige naturområde.

4.3 Livskraftig landbruk i Oppland

Dette er Fylkestinget sitt strategidokument for landbruk, med handlingsplakat og prioriterte fokusområder. Forutsigbare rammevilkår, verdiskapning og balanse mellom bruk og vern er noen av stikkorda i denne strategien.

For å ta vare på dei mest verdfulle kulturlandskapsområda i Oppland er det viktig å drive aktiv utøving av myndigheit i forhold til jordvern, kulturlandskap og byggeskikk/sikring av freda og verneverdige bygningar.

For å utnytte utmarksareala på ein forsvarleg måte er det viktig å sikre arealressursane i landbruket både mot unødig utbygging og vern, men samstundes gje landbruket høve for ein framtidretta arealbruk. For å sikre ei balansert busetjing og næringsutvikling i heile fylket, er det viktig å støtte ei lokal handheving av lover og forskrifter.

4.4 Regionalt miljøprogram for landbruket

Hovudmålet innan kulturlandskapsforvaltninga i regionalt miljøprogram er å verne og utvikle miljøverdiar i kulturlandskap i jordbruket innafor rammene av driftsmåtar vi finn i jordbruket i dag, og som ressurs for folk og lokal næringsutvikling.

4.5 Strategiar for landbruksrelatert næringsutvikling i Oppland 2007-2009

Hovudmålet innan strategiar for landbruksrelatert næringsutvikling er at landbruket i Oppland skal gi attraktive arbeidsplassar og moglegheiter for menneskjer som vil satse. Landbruket i Oppland skal utvikle lønnsam næring basert på lokale ressursar, regionale fortrinn og marknadsmoglegheiter.

5 Status i Oppland

Ved utgangen til 2006 hadde 19 av 26 kommunar i Oppland negativ folkevekst. Dei fleste av desse er små kommunar og kommunar eit stykke unna dei regionale tettstadene. Den negative folkeveksten er derfor ei sentral utfordring i Oppland.

Oppland er landets største hyttefylke. Utviklinga av hytte- og reiselivsområde er særleg stor i Valdres og Gudbrandsdalen.

Gjennom Oppland går det fleire vegar og jernbane. Det er eit stort behov for å utbetre vegnettet på grunn av dårleg vegstandard, auka trafikkbelastning og auka ulykkesfrekvens. På nasjonalt nivå er det planlagt at fleire av vegane i Oppland skal rustast opp i nær framtid.

5.1 Landbruket i Oppland

Landbruket er ei svært viktig næring i Oppland. Sysselsettinga i primærproduksjonen i jord- og skogbruket utgjer 7,2 % av den totale sysselsettinga, men det er store regionvise skilnader.

Det er 1,05 mill daa jordbruksareal i fylket, av desse er 869 000 daa fulldyrka. I 2006 søkte 5480 føretak om produksjonstilskot, ein nedgang på nesten 1400 sidan 1995. Gjennomsnittleg dyrka areal pr. søkjar er 191 daa, nesten 20 daa mindre enn landsgjennomsnittet.

Tabellen under viser kva som blir produsert på areala i Oppland, i forhold til total produksjon innan kategoriane på landsbasis og prosentvis del av denne.

	Grovfôr (daa)	Korn (daa)	Potet (daa)	Grønsaker (daa)	Frukt/Bær (daa)
Oppland	796105	225924	15104	6962	1768
Hele landet	6689023	3278624	138783	54799	47322
%vis del	11,9 %	6,9 %	10,9 %	12,7 %	3,7 %

For å koma målsetjinga innan jordvern på nasjonalt nivå i møte, er det eit mål i Oppland å halvere omdisponeringa av dei mest verdfulle jordressursane innan 2010. Statens landbruksforvaltning arbeider med å framskaffe historiske tall som kan vere til hjelp for å kunne bestemme omfanget av historisk omdisponering. Historisk omdisponering vil kunne gje eit målbart tall på kva for omfang Oppland må redusere omlegginga av dyrka og dyrkbar mark med. Det er venta at KOSTRA-tala frå og med 2006 skal kunne gje eit meir korrekt resultat av årleg omdisponering.

5.2 Kulturlandskapet i Oppland

Kulturlandskapet blir halde i hevd av aktiv jordbruksproduksjon. I tillegg til jordbruksvekstane, er beitedyr viktige for kulturlandskapspleie, både på inn- og utmark.

Mange av miljø- og landskapsverdiane er knytt til areal som har låg jordbruksverdi, ikkje er i drift eller ligg i skog/restareal inntil jordbruksareala. Dette er areal som ofte er i endring pga. attgroing med skog og som kan vere utsett for tilfeldige inngrep og bruksmåtar som skader miljøverdiane. Areal kan ha verdi i seg sjølv og som delar av eit nettverk av naturlege element i eit landskap som elles er i intensiv bruk. Ofte vil slike areal bli sett på som naturlege utbyggingsområde. Utviding av tettstader har sannsynlegvis i stor grad gått ut over verdfull areal av denne typen, mellom anna ved bygging i randsonene mellom jordbruksområde og skogsområde.

6 Utfordringar innan arealforvaltning og jordvern i Oppland

Oppland er eit variert fylke, med ulike utfordringar i dei ulike regionane. Det er nokre utfordringar som gjeld for heile fylket, og det vil kunne vere ulike løysingar på utfordringane i dei ulike regionane.

Utfordring nr. 1 - Busetting

Busettingsmønsteret i fylket går mot at folk ønskjer å busette seg sentralt, anten det er i tettstader, eller at folk flytter nærare byane og dei bynære strøka. Det er størst press i Lillehammerregionen, samt på Gjøvik, Toten og Hadeland. I disse områda finn oss dei beste jordbruksareala, og dei beste klimatiske vilkåra for matproduksjon. Det er ei utfordring å handtere denne folkeauken samstundes som det nasjonale målet om eit strengare jordvern skal takast i vare.

Utfordring nr. 2- Samfunns- og næringsutvikling

Det må leggjast til rette for ei god og samla samfunnsutvikling i og nær tettstader. Dette inneber å fokusere på fellesgode som mellom anna skule, friområde og infrastruktur. Det må planleggast slik at omsynet til fellesgoda i samfunnet blir tatt i vare på ein god måte, samtidig som omsynet til jordvernet står sterkt.

Næringsverksemd ønskjer som oftast å liggje nært tettstader, og nær hovudveggar og/eller jernbane. Det er ei utfordring for dei fleste kommunane å tilfredsstille kravet som næringslivet har til lokalisering og infrastruktur samstundes som jordvernet skal ha høg prioritet.

Utfordring nr. 3- Vegbygging

Oppland har fleire hovudtransportårer, og blant dei viktigaste er E6, E16 og Rv 4. Det er, eller arbeidast med, planar for å utbetre/legge om desse vegane i nær framtid. Vegane går i stor grad gjennom landbruksområde. Ved utbetring /omlegging av desse vegane, vil jordbruksareal gå tapt. Utfordringa er å avgrense både det direkte og indirekte arealtapet. Ved handsaming av nye planar må det vurderast andre alternative trasear om ein stor del dyrka eller dyrkbar mark planleggjast omdisponert.

Utfordring nr. 4- Sæterområde

Det skjer ei endring i område med sætring etter kvart som det blir slutt med sætring, og områda blir meir prega av å vere område for fritidsbustader. Det er ei utfordring for landbruket som ønskjer å bruke sæterområda og områda rundt som beiteareal, samstundes som fritidsbustadene blir bygt på- og innimellom områder for sætring.

Utfordring nr. 5- Fritidsbustader

Mange ønskjer å ha ein fritidsbustad, og lokalsamfunn ønskjer næringsutvikling. Det er ei utfordring å legge til rette for desse ønska innanfor ei bærekraftig forvaltning av arealressursane.

Utfordring nr. 6 - Spreidd bustadbygging

Mange ønskjer å bu landleg og med romslege tomter. Det bør vere mogleg å finne alternative løysingar for spreidd bustadbygging som ikkje går på kostnad av verdfulle jordressursar, sidan berre 4 % av totalarealet i Oppland er dyrka mark.

Utfordring nr 7- Oppretthalde kulturlandskapet.

Oppland er eit av dei viktigaste reiselivsfylka i landet, og natur- og kulturlandskapet er ei viktig rame for reiselivet. Kulturlandskapet er også viktig for lokalbefolkning, kulturarv, friluftsliv og biologisk mangfald. Det er ei utfordring å legge forholda til rette slik at landbruket kan vidareføre drifta si og at kulturlandskapet blir halde i hevd. Arealplanlegginga må sørgje for at landbruket får gode driftsvilkår og at spesielt verdfulle og sårbare landskap blir peikt ut. Ein må unngå at strukturar og element som er viktige for oppleving, biologisk mangfald og kulturminnevern blir bygt ned eller forfell.

7 Mål for arealforvaltning og jordvern i Oppland

Fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og fylkeskommunen vil arbeide for ei framtidretta utvikling av Oppland, der landbruket er viktig for busetjing og verdiskaping i heile fylket og gjev oss eit rikt kulturlandskap.

Hovudmål

Arealbruken i Oppland må leggjast opp slik at vi tek i vare omsynet til det behovet som komande generasjonar har for jordressursar til å produsere sin eigen mat, og at vi vernar om miljøverdiane i kulturlandskapet og utviklar desse som ressurs for alle og for lokal næringsutvikling.

Det er eit mål at omdisponeringa av verdfulle jordressursar i Oppland blir halvert innan 2010 og at verdfulle kulturlandskapsområde blir dokumentert og sikra i arealplanlegginga.

Delmål 1 - Busetjing

I områder med stort busetjingspress må det etablerast eit bærekraftig utbyggingsmønster sett i forhold til jordressursane og kulturlandskapet.

Delmål 2- Samfunns- og næringsutvikling

Omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark til samfunns- og næringsutvikling må vegast opp mot omsyn til jordvernet. Det må arbeidast med å finne gode løysingar for bruk av areal der gjenbruk av areal og fleirbruksløyseringar er i fokus.

Delmål 3- Vegbygging

I områder der gode jordressursar blir planlagt brukt til vegformål skal det vurderast andre alternative trasear for vegbygging

Delmål 4 – Sæterområde

Områder med sætrer har ein eigenverdi som kulturlandskap. Det er eit mål at desse områda ikkje blir bygt ned, men blir halde i hevd for landbruket, biologisk mangfald, friluftsliv, rekreasjon og reiseliv.

Delmål 5 – Fritidsbustader

Det er et mål at fritidsbustader lokaliserast utanom sæterområda, i områder der forhold til landbruk, kulturlandskap, kulturminne og natur- og friluftsiresser er avklart i overordna planprosess.

Delmål 6 - Spreidd bustadbygging

Område og kriterium for spreidd bustadbygging bør avklarast gjennom overordna planprosessar, slik at ein unngår konflikstar med jordvern samtidig som ein tek i vare elementa og estetikken i kulturlandskapet, sikrar friluftsiresser og fremmer god bokvalitet.

Delmål 7 – Oppretthalde kulturlandskapet

Kulturlandskapet har verdi både for landbruk, miljøverdier, rekreasjon og reiseliv og må vektast i all arealplanlegging.

8 Hovudstrategiar for å nå måla

8.1 Regionale myndigheiter sitt ansvar

- Fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og fylkeskommunen legg opp til å ha ein tett og konstruktiv dialog med kommunane for å nå delmåla, gjennom å:
- Setja fokus på det ansvaret som kommunen har for å sikre verdfulle jordressursar og kulturlandskap i kommunen.
- Gje signal og hjelpe kommunane og andre som tek avgjerder om gjeldande jordvernspolitikk.
- Gje signal om kva for tiltak som kan løyse ut dispensasjon etter § 7 i plan- og bygningsloven.
- Stille strengare krav til kommunale planprosessar med omsyn til forankring og kvalitet.

8.2 Forventningar til kommunane

Fylkeslandbruksstyret, Fylkesmannen og fylkeskommunen har desse forventningane til kommunane:

- Kommunane knyter jordvernstrategien til kommuneplanen sin arealdel, som retningsgjevande for arealforvaltninga, og synleggjere korleis jordressursane og kulturlandskapet er teke omsyn til i planen.
- Nye planforslag skal i utgangspunktet vera i samsvar med overordna plan og langsiktig utbyggingsstrategi
- I alt planarbeid må det skaffast nødvendig dokumentasjon. Dette gjeld særleg omtale av totalt behov, vurdering av alternative løysningar, synleggjera kvalitet på areal som ein søker å omdisponere, samt konsekvensar av tiltaket. Vidare må ein også drøfte forholdet til overordna dokument og konsekvensar i forhold til gjeldande utbyggingsstruktur. Dersom det fremmast planar som ikkje er i tråd med overordna plan, er det eit strengare krav til dokumentasjon.
- Effektiv arealutnytting innafor byggesona for å redusere behovet for omdisponering av nye område for landbruk, natur og friluftsliv. Dette i form av omdisponering og ”fortetting med kvalitet”, det vil si at fortetting i nødvendig grad tek i vare omsynet til landskap, grønstuktur, biologisk mangfald, kulturminnevern, leikeareal mv.
- Kommunane skal oppfordrast til å gjera vedtak om rekkefølgje av utbygging av areal for å sikre at eksisterande utbyggingsområde ferdigstilles før nye tas i bruk.
- Høg utnytting viss det skal omdisponerast jordbruksareal og areal nær by-/tettstadsområde. Det må leggjast vekt på omsynet til jordressursane og til kulturlandskapet ved val av langsiktige utbyggingsmønster.
- I og nær tettstader bør det være ein restriktiv holdning til spreidd bustadbygging.
- Det må leggjast vekt på klare og langsiktige grenser mellom bustadområde og landbruks-, natur- og friluftsområde.
- Samanhengande areal med god jordkvalitet må vernast mot nedbygging og oppdeling.

8.3 Bruk av motsegn

Kommunane sine grunngjevingar i omdisponeringssakar skal vektleggast. I nokon saker vil det vere usemje og bruk av motsegn kan vere aktuelt. Dette gjeld:

- Når nasjonale eller regionale jordressurs- og kulturlandskapsinteresser blir sett til sides.
- Når ein går inn i nye samanhengande grøne område.
- Når planen/tiltaket gjer klårt uheldige konsekvensar for landbruket i området.
- Når ein ikkje har gjort vurdering av alternative løysningar.
- Når det blir kravd av ”prosessuelle” grunner, for eksempel dersom saken er for dårleg opplyst. Dette blir grunngjeve med krav til forsvarleg saksbehandling.
- Når tiltaket er i strid med avklaringar om jordvern og kulturlandskap i overorda plan.